

Institutt for fruktdyrking
og fruktkonservering

Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 24

P L O M M E K U L T I V A R A R

Ved

Bjarne Ljones

NLH 1980

Institutt for fruktdyrking
og fruktkonservering
Norges landbrukshøgskole
Stensiltrykk nr. 24

P L O M M E K U L T I V A R A R

Ved
Bjarne Ljones

NLH 1980

Admiral Rigny

Namnet er etter admiral H.G. de Rigny i Frankrike, og kultivaren var kjend på 1830-talet.

Treet stort, blomstringstida middels tidleg, pollenet godt og kultivaren sjølvkompatibel. Svært riktberande.

Frukta er lita, 19 gram, oval til flatrund, grøn, ikkje særleg tiltalende farge og under det ønskjelege i kvalitet. Har vore spreidd som Dennistons Superb. Modningstid 12. september.

Agen

Svært gammal kultivar med mange synonym og vidt utbreidd i verdens plommeproduksjon. Agen er framleis ein av dei viktigaste kultivarane i produksjonen av tørka sviske.

Treet middelsstort, blomstene sjølvkompatible.

Frukta lita, blåfiolett, men når ikkje tilfredsstillande storleik og utvikling i Norge. For kravfull og sein.

Allgroves Superb

Raud mutant av Jefferson, utsend 1915, skil seg frå Jefferson i den mørk-raude dekkfargen.

Althans

Frankomen i Böhmen i 1860-åra, namn etter eigaren av godset der kultivaren vart funnen. Treet kom etter frø av Reine Claude.

Treet er opprett, stort med åpen krone. Blomstrar middels tidleg, pollenet er godt, men Althans er heilt sjølvinkompatibel, og det er vanskeleg å finne gode pollenkultivarar.

Frukta stor, ca. 30 gram, rund, med vid saum der botnen syner som ei ljøs stripe. Huda tjukk, med raudfiolett dekkfarge over gulgrøn grunnfarge. Kjøttet gult, fint, fast, losar ofte heilt frå steinen. Smaken er god og kvaliteten mellom det beste av plommer. Men det er ofte vanskeleg å få stor avling, og frukta er utsett for å sprekke under regn. Modningstida er 15.-20. september.

Anna Späth

Utsend frå Späth 1874.

Treet stort, blomstringa middels tidleg og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta middels stor, brunraud med blåleg dogg. Modningstid 10. oktober
og kultivaren når vanlegvis ikkje tilfredsstillande utvikling.

Ariel

Framkomen ved Alnarp etter kryssing Autumn Compote x Althans 1937, namn og skildring 1959.

Treet stort, og Ariel er sjølvkompatibel.

Frukta stor, 38 gram, raudfiolett, modningstid 26. september.

Bavay

Frøplante av Reine Claude, utvald av major Esperen, Malines i Belgia.

Kjend fra 1832, namn 1843.

Treet middels stort, sprikjande greiner og skålforma krone. Blomstringstida middels tidleg, og Bavay er heilt sjølvkompatibel. Men avlingane er ofte mindre enn hos Oullins.

Frukta er middels stor, 23 gram, rund med mørkgrøn saum, gulgrøn farge, kjøtet laust, løyser frå steinen og har betre smak enn Oullins. Modningstid 25. september.

Beauty (P. salicina)

Laga av Burbank etter kryssingsarbeid der fleire arter var med.

Treet lite og utbreidd, blomstringstida tidleg og pollenkultivar er nødvendig.

Frukta stor, 30 gram, ljøs raud til mørkraud ved full modning med talrike ljøse hudpunkt. Brukbar bordfrukt. Modningstid 15. august.

Belle de Louvain

Belgisk pomolog fann mortreet 1845, det var da ca. 20 år og sto på eigedommen til ein kjend planteforedlar, van Mons. I Tyskland heiter kultivaren Schöne von Löwen. Til NLH fra Späth 1886.

Treet er stort, opprett og åpent. Blomstringa er sein, pollenet godt og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 34 gram, eggeforma, med tjukk hud som heng ved kjøtet. Fargen er raudfiolett, svært mørk, nesten blåleg på solsida. Kjøtet grovt og fast og losar nesten fra steinen. Bra til sylting. Modningstid 15. september.

Black Prince

Laxton sende denne ut i 1930, og opphavet er Kentish Black x Damson.
Til NLH 1938.

Treet blir stort, blomstringa svært tidleg, og pollineringstilhøva er lite granska.

Frukta er lita, 18 gram, blåsvart med dogg. Modningstid 10. september.
Vi har avslutta utprøvinga og fann kvaliteten for dårleg.

Blue Rock

Opphavet er ukjent, men det er Rivers som har selektert mortreet og sendt kultivaren i handelen 1897. Til Njøs 1926.

Treet har tett, utbreidd krone, ikkje stor. Blomstringa er tidleg, pollenet godt og kultivaren delvis sjølvkompatibel, nok til å gje ei rimeleg avling.

Frukta er lita, 18 gram, med tjukk hud som ikkje løyser frå kjøtet. Fargen mørkblå med mykje fiolettblått på skuggesida og med kraftig dogg. Kjøtet gult, fast, møyrt, litt grovt og losar heilt frå steinen. Smaken er god, søt og aromatisk, det er god bordfrukt og bra råvare for sylting. Modningstid 3. september.

Blue Tit

Er avkom etter Czar x Reine Claude, framkomen hos Laxton og utsend 1936. Det året fekk Brynes Planteskole kvister og hadde Blue Tit (Blåmeise) med i katalogen. Til NLH fra Laxton 1938.

Treet blir utbreiddt med åpen, vid krone. Blomstringa er sein, pollenet godt og Blue Tit er sjølvkompatibel.

Frukta er middels stor, 19 gram, oval, med tunn hud, og fiolettblå, nesten mørkblå solside. Kjøtet er gulgrønt, losar ikkje godt fra steinen og er lite karakteristisk i viktige kvalitetsegenskapar. Avlinga er stor nok. Modningstida er 10. september.

Blå Belgisk

Pomologen Liegel i Tyskland fekk kvister fra Belgia og skildra denne kultivaren i 1858 som Belgische Damascene. Meir veit vi ikkje om opphavet, men om lag på same tid var det engelske namnet Belgian Purple brukt.

Treet utbreiddt, hangande, uregelmessig. Blomstringa er tidleg, pollenet godt, men kultivaren er sjølvinkompatibel.

Frukt middels stor, 20 gram, oval med tunn hud, fiolettblå til blå med mange ljose hudpunkt og kraftig dogg. Kjøttet gulgrønt, fint, nokså vel-smakande og gjev ^{bra} konservprodukt, bortsett frå at huda sprekk under hermetisering. Modningstid 20. september. Kan vera svært riktberande.

Blå Herreplomme

Gammal fransk kultivar med mange synonym og lang historikk. Til NLH frå Späth.

Treet opprett, blir stort og symmetrisk. Blomstringa er tidleg til middels, pollenet godt og kultivaren sjølvkompatibel.

Frukta middels stor, 20 gram, oval, tunn hud som kan løysast fra kjøttet. Fargen mørkfiolett til blå, kjøttet laust, kvaliteten knapt middels. Modningstid 30. august. Avlingane er store, men det er fleire andre blå plommer å velje mellom på denne tid.

Bonne de Bry

Kjend i Belgia ca. 1820.

Treet middelsstort, nokså rund krone, bra herdig, ikkje svært riktberande. Blomstrar tidleg, pollenet godt, kultivaren sjølvinkompatibel.

Frukta lita, 15 gram, rund, blåfiolett. Modningstid 20. august. Mange likskapar med Early Favourite, men Bonne de Bry har liten, rund stein.

Bountiful

Framkomen hos Laxton etter kryssing av Raud Eggeplomme x Victoria og utsend 1927. Kom til NLH same år.

Treet har mykje til felles med Victoria i storleik og kroneform, men bladverket er ulikt. Blomstringa er tidleg og Bountiful er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 30 gram, eggeforma, men lang og smal. Fargen er raud med fiolett skjær på solsida og raudfargen dekker godt, betre enn hos Victoria. Kjøttet er gult, grovt losar frå steinen, men er lite aromatisk. Ikkje god nok til bordfrukt. Modningstid 5. september, 10 dagar før Victoria.

Bradshaw

Under dette namnet var kultivaren spreidd i USA, men det er sannsynleg at den er identisk med ein eldre engelsk kultivar Large Black Imperial.

Treet blir stort med brei krone. Bradshaw er sjølvinkompatibel, men avlinga er stor nok.

Frukta er stor, 28 gram, fargen mørk raudfiolett. Kjøtet er saftig og søtt og gjev brukbar råvare til sylting. Men det er ein sein og kravfull kultivar med modningstid 10. oktober. Den kunne truleg vore prøvd meir på gode dyrkingsstader.

Bryanston

Framkomen tilfeldig i England kring 1800, og Reine Claude og Golden Drop er nemnde som foreldre.

Treet blir stort med vid, åpen krone. Blomstringstida er middels tidleg, og Bryanston er sjølvinkompatibel.

Frukta er middels stor, 25 gram, gul med grønt i striper og flekker, stundom med raude punkt på solsida. Kjøtet grønt, fast, saftig med fin kvalitet. Modningstid 5. oktober.

Bullace

Bullace og Damsons er to engelske gruppenamn under *Prunus insititia*.

Bullace er runde plommer, Damsons oftast meir ovale. Det er gamle engelske kultivarar, ofte spreidd som rotekte tre, og det finst fleire namnekultivarar.

Cambridge Gage

Ein av dei mange frøavkoma av Reine Claude.

Treet stort, med rund, tett krone, blomstrar seint, delvis sjølvkompatibel, men må ha pollenkultivar om avlinga skal bli tilfredsstillande.

Frukta grøn og kan vanskeleg skiljast frå Reine Claude. Modningstid 18.-20. september.

Cazique (P. salicina)

Utsend av Burbank ca. 1919, til NLH 1930.

Frukta stor, karminraud, men kvaliteten er ikkje bra, og treet er svært lite herdig.

Cox's Emperor

Gammal engelsk kultivar kjend fra ca. 1785, også under namnet Denbigh.

Treet stort, blomstrar middels tidleg, sjølvinkompatibelt.

Frukta stor, raud med gjennombrøt av gul grunnfarge. Kjøtet gult, fast, svak kvalitet, men stor avling. Modningstid 15. september.

Cropper

Utsend frå Laxton 1928 og er avkom av Victoria x Aylesbury Prune. Til NLH 1938. Det er raudblå plommer, middelvekt 21 gram, svært sein, 30. september, og kvaliteten er ikkje tilfredsstillande.

Czar

Frankomen hos Rivers etter frø av Prince Engelbert truleg pollinert med Early Prolific. Mortreet bar første gong 1871. Namn 1875 til ære for tsar Alexander II som da vitja England. Czar kom til NLH 1913.

Treet får ei utbreidd krone med sprikjande greiner, glissen og uregelmessig, ofte med nakne greinparti etter bukettgreiner som døyr ut. Blomstringa er tidleg, pollenet godt og kultivaren sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 24 gram, rund til oval med tunn hud. Fargen er mørk blå-fiolett på solsida, nesten fiolett på skyggesida. Kjøtet gult, fint og losar ofte fra steinen. Smaken er bra, og mange reknar Czar for ei god sylteplomme, men produktet blir tunt med mykje saft. Modningstida er 28. august. Czar er mykje utsett for soppsjukdomar.

Diamond

Frankomen i England, kjend fra 1831.

Treet stort med høg krone, nokså trong og smal. Blomstringstid middels tidleg, pollenet godt, men kultivaren er sjølvinkompatibel.

Frukta er svært stor, 40 gram, liknar Belle de Louvain. Fargen purpurblå med mykje dogg. Gult fruktkjøt, grovt, syrleg, slepper ikkje steinen. Modningstid 15. september.

Early Favourite

Frankomen hos Rivers i England etter frø av Precocce de Tours, sådd ca. 1820, utsend 1839. Rivers Early Favourite er eit vanleg namn.

Treet er sterkt opprett i ungdomen og held lenge denne veksemåten, for avlingane er ikkje slik at greinene blir nedbøygde. Men trea held seg små. Blomstringa er tidleg, pollenet dårleg og kultivaren er heilt sjølvinkompatibel.

Frukta er lita, 15 gram, oval, med grunn saum, tunn hud og mørk blå farge. Kjøtet er møyrt og losar lett frå steinen. Modningstida er 20. august. Mellom Early Favourite og Early Prolific og Bonne de Bry er det mange likskapar, men Favourite har høgare krone og fruktene er meir ovale og med større stein.

Early Laxton

Opphavet til denne Laxton-kultivaren er ikkje heilt klart, og tre foreldre-kultivarar er nemnde, men Jaune Hative = Katalonisk Spilling er ein av dei. Laxton spreidde kultivaren frå 1916. Til NLH 1925 og frå same år kom den med i planteskulen her.

Treet byrjar tidleg å bera, det blir lite og med nedbøygde greiner som flaknar lett. Blomstringa er middels tidleg, pollenet godt, og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 23 gram, oval, huda tunn og løyser ikkje heilt. Fargen raud og sit i dette punkt på gul grunnfarge. Kjøtet ljosgult, laust utan særleg verdfulle eigenskapar. Modningstid 15. august. Treet er veikt, også mot vinterskader.

Early Prolific

Same opphav som Early Favourite, til NLH 1880.

Treet får utbreidd krone, men det blir ikkje store tre. Blomstringa er tidleg, pollenet er ofte dårleg og kultivaren er sjølvinkompatibel.

Frukta er lita, 15 gram, rund til oval. Saumen er grunn, huda middels tjukk, fargen mørk blå med skjær av fiolett. Kjøtet grøngult, heller grovt og losar ikkje lett fra steinen. Smaken er syrleg, det er ein viktig kultivar fordi modningstida er tidleg, ca. 25. august.

Early Transparent

Framkomen hos Rivers, utsend 1873. Opphavet var frø av Reine Claude Diaphane. Til NLH 1921.

Treet lite, med utbreidd krone. Blomstrar tidleg og er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 25 gram, rund med middels tjukk hud som vanskeleg kan løy-sast frå kjøtet. Gulgrøn med raude punkt og sjatteringar som gjev ein varm gyllen fargetone ved full modning. Kjøtet gulgrønt, saftig, laust, søtt og godt, kanskje litt lite syrleg, losar nesten frå steinen. Modningstid 10. september.

Edda

Framkomen på Njøs, kanskje avkom etter Czar x Prune Pêche, namn og omtale 1969.

Treet middelsstort, lite herdig, blomstrar tidleg, truleg sjølvinkompatibel, oftast lita avling.

Frukta middels til stor, ca. 30 gram, oval, mørk blå, gult fruktkjøtt som løyser fra steinen, bra kvalitet. Modningstid 20. august.

Emil

Frankomen på Alnarp etter Jefferson x Althans, namn 1978. Til NLH same år. Treet over middels stort, blomstrar middels tidleg, truleg delvis sjølvkompatibel.

Frukta stor, ca. 40 gram, oval til rund, gulgrøn grunnfarge med raud dekkfarge i flekker og punkt. Kjøtt gulgrønt, fast. Modningstid ca. 10. september. Ny kultivar som er svært lite prøvd i Norge.

Emma Leppermann

Anleggsgartnaren W. Leppermann i Fördesstedt fekk fram kultivaren ca. 1890. Til NLH 1928 fra Späth.

Treet får ei rund, tett og stor krone. Blomstringa er middels tidleg, pollenet godt og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 32 gram, oval til rund. Fargen er svakt raud over gul grunnfarge, den er eigentleg lite markert og ikkje tiltalende. Kvaliteten er ikkje bra til noko føremål, og dertil er det vanleg med gummiflod i fruktkjøttet. Modningstida er 7. september.

Esperens

Frankomen i Malines i Belgia etter frø som var sådd kring 1830, utvald og spreidd av major Esperen. Første gong omtala 1839. Til NLH 1911.

Treet blir utbreidd, uregelmessig, middels stort. Blomstrar middels tidleg.

Frukta er stor, ca. 35 gram, oval, med vid saum. Huda er tjukk, fargen ljosgul med ljosgrøne flekker, kjøttet gulgrønt, nesten fast og losar nesten frå steinen. God smak. Modningstid ca. 20. september. Får ofte gummiflod i fruktkjøttet.

Experimentalfältets Sviske

Frankomen i Sverige truleg etter frø av den såkalla Tidleg Engelsk Sviske, sådd ca. 1865 ved Experimentalfältet i Stockholm.

Treet er opprett i ungdomen og får seinare ei høg, symmetrisk krone. Blomstringa er tidleg, pollenet godt og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er lita, 12 gram, omvendt eggforma. Fargen mørk fiolettblå med kraftig dogg, og det er ofte små brunlege sprekker i huda. Kjøttet kan

oftast løysast fra steinen. Steinen er skarpt tilspissa mot båe endar og er ikkje heilt ufarleg. Modningstid 8. september. Experimental-fältets Sviske er dyrka berre i Sverige og Norge, og her har det vore ein mykje brukt kultivar, særleg i utkantane av fruktdyrkingsområda.

Extra Early Cherry (P. cerasifera)

Truleg framkomen i USA, men opphav og historie er ikkje utgreidd.

Treet stort, åpent, ofte med hangande greinspissar. Blomstrar svært tidleg og har pollineringsproblem, for som dei fleste cerasifera er denne sjølvinkompatibel.

Frukta er lita, 15 gram og fruktfargen er mørkraud til fiolett, alltid med svakast farge på skyggesida. Saftrik, men elles utan karakter og med snevert bruksområde. Modningstid 10. august.

First (P. salicina)

Burbank nemner fleire eldre kultivarar som mogelege foreldre for denne, som vart kjend 1899 og spreidd året etter. Til Norge 1913.

Treet er veikt i planteskolen, også som eldre er det små tre, truleg på grunn av dårleg samhøve med vanlege plommegrønnstammer. Blomstringa er svært tidleg og blomstene sit³ saman (triflora). Pollenet spirer dårleg og First er sjølvinkompatibel. Rett pollensort er eit problem, ofte løyst med kultivarar av P. cerasifera.

Frukta er lita, 19 gram, hjarteforma, gulgrøn med raude punkt og sjatteringar på solsida. Kjøtet laust, saftig, men med tam smak. Har berre interesse som bordfrukt fordi frukta er tidleg. First er heilt umogeleg som råvare for matvarer elles. Modningstid 15. august.

Formosa P. salicina m.fl.)

Utsend av Burbank, spreidd frå 1907.

Frukta stor, rund til hjarteforma, og den gulgrøne grunnfargen er nesten dekkja av raudt, ofte med ljose hudpunkt. Svært pene og tiltalande plommer, og dei har bra smak som bordfrukt. Men treet er av dei minst herdige vi har prøvd.

Frankfurter Sviske

Spreidd frå distriktet rundt Frankfurt a.M. og omtala frå 1869.

Treet utbreidd, med flatrund, tett krone som heng med greinspissane.

Blomstringa er tidleg, truleg sjølvkompatibel.

Frukta er lita til middels stor, 19 gram. Huda mørkblå, tjukk, seig.

Kjøtet gult og med brunleg skjær og mykje fiolett nær huda og nær steinen.

Kjøtet losar frå steinen, laust, syrleg, berre middels til sylting, særleg når avlingane er store, og det er dei ofte. Modningstid 15.-20. september.

Giant

Burbank laga denne kultivaren ved kryssing av Agen x Pond's Seedling og spreidde den fra 1895.

Treet blir ikkje stort, for avlingane tyngjer greinene ned heilt fra ung alder. Blomstringa er sein, pollenet godt og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er stor til svært stor, ca. 40 gram, langstrekt, oval, ofte med hals.

Grøngul grunnfarge, for det meste dekkta av raudt, men dekkfargen verkar tunn og ljøs. Kjøtet er gult, svært fast og møyrt og ikkje saftig. Kvaliteten er ikkje god. Modningstid 10. oktober.

Gilbert

Framkomen ved Balsgård etter kryssing Ontario x Ruth Gerstetter, utsend 1968.

Treet middelsstort, lite herdig, blomstrar tidleg, blomsten har godt pollen og er sjølvkompatibel.

Frukta middelsstor, 23 gram, oval, tjukk hud med fiolett dekkfarge, brunlege hudpunkt og tydeleg dogg. Kjøtet gult, laust, saftig, bra smak, men lite karakteristisk. Modningstid 15. august.

Golden Drop

Framkomen i England etter frø av Reine Claude, sådd 1809 av Jervaise Coe i Suffolk. Ofte skildra som Coe's Golden Drop.

Treet har utbreidd krone, blomstringa er sein og kultivaren heilt sjølvinkompatibel.

Frukta er stor, ca. 35 gram, oval med hals i stilkenden, saumen er vid og djup, huda tjukk og seig. Fargen er grøngul med grønt i flekker og med fiolette punkt. Kjøtet gult, fast, saftig med god, kraftig smak, men det losar ikkje fra steinen. Modningstida er 10. oktober, og Golden Drop kjem etter Jefferson og er dermed for kravfull for vår plommedyrking.

Goldfinch

Frankomen hos Laxton etter kryssing av Early Transparent x Jefferson og spreidd fra 1935. Til NLH 1938.

Treet er middels stort med rund, åpen krone. Blomstrar middels tidleg og er delvis sjølvkompatibel, men får større fruktsetting med framandt pollen.

Frukta er stor, 32 gram, rund. Huda tjukk, grunnfargen gulgrøn med raudfiolette punkt og sjatteringar, mest i stilkenden. Kjøttet gult til gulgrønt med fin konsistens og god smak og losar fra steinen. Svært god kvalitet til alle føremål. Modningstida er 15.-20. september som Althans.

Grand Duke

Introdusert av Rivers 1880.

Treet stort, opprett, blomstrar tidleg, er sjølvinkompatibelt.

Frukta stor, 40 gram, mørk blåfiolett med ljøs dogg. Kjøttet fast, litt turt, bra sylteplomme, men ikkje bordfrukt. Modningstid 10. oktober.

Gul Eggeplomme

Svært gammel kultivar, ofte planta som rotekte og under mange synonym (sjå Hedrick).

Treet opprett med høg, glissen krone, det kan bli store tre, men ikkje tette. Blomstrar middels tidleg, pollenet er godt, men kultivaren er heilt sjølvinkompatibel.

Frukta svært stor, 45 gram, langstrekt eggforma med djup og vid saum og trong stilkhole. Huda tjukk og seig, fargen gul med grønne punkt. Kjøttet bleikt gulgrønt, grovt, fast, losar nesten fra steinen som er svært stor. Modningstid ca. 25. september.

Gul Herreplomme

Frankomen i Frankrike kring 1820 og først spreidd som Monsieur a fruit Jaune. Det tyske namnet Gelbe Herrnpflaumen fekk kultivaren ved skildring av Ed. Lucas i 1864, og under tysk namn kom den til Skandinavia. Yellow Imperatrice er elles eit synonym som ofte er brukt, og under det namnet kom den til NLH 1880 fra Alnarp.

Treet er lite med kompakt, flatrund krone. Blomstringa er middels til sein, og Gul Herreplomme er heilt sjølvinkompatibel.

Frukta er middels stor, 21 gram, rund. Huda tunn med varm gul grunnfarge og mange raude punkt som stundom kan dekke samanhengande flekker. Kjøttet

er gult, fint, laust og losar heilt fra steinen. God til svært god bordfrukt, men kanskje litt småfallen. Modningstid 15. september.

Gulplomme

Gammal kultivar som ofte er dyrka som rotekte tre på Austlandet i Norge og fleire stader i Sverige, truleg kjend her heilt fra klostertida.

Treet utbreidt med flatrund krone og sterke greiner. Blomstrar seint, blomstene er halvfylte og har derfor svært lite pollen.

Frukta middels stor, 24 gram, ofte med hals. Fargen ljosgul med dogg. Kjøttet gult, losar nesten fra steinen. Modningstid ca. 15. september.

Hackman

Namnet er fra Sverige etter presten Gustav Hackman, men det er kanskje ein innført kultivar utan at dette er heilt klarlagt.

Treet får ei utbreidd krone, litt glissen med sterke, grove greiner.

Blomstringa er sein, pollenet godt, men kultivaren er heilt sjølvinkompatibel.

Frukta er stor, ca. 30 gram, oval til eggforma med vid og grunn saum, middels tjukk hud og matt grøngul farge. Fint, saftig kjøtt som ikkje losar fra steinen, men det er velsmakande.

Hall

Frankomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing Golden Drop x Grand Duke.

Treet er lite til middels stort. Blomstrar middels tidleg, er sjølvinkompatibel.

Frukta stor, 35 gram, mørk fiolettblå med fast, gulgrønt kjøtt som losar fra steinen. Modningstid 5. oktober.

Herman

Frankomen ved Balsgård etter kryssing Czar x Ruth Gerstetter 1952, namn og skildring 1974.

Treet middelsstort, lite herdig. Blomstrings middelstidleg, pollenet godt, kultivaren sjølvkompatibel.

Frukta middelsstor, 25 gram, oval blåfiolett, gulgrønt fruktkjøtt, svært saftig, men nesten for laust for omsetnad og bruk. Modningstid 15. august.

Heron

Utsend fra Rivers i 1885, men opphavet ukjent.

Treet er middelsstort med åpen krone, ofte med nakne greinparti. Blomstringa er tidleg, og Heron er heilt sjølvinkompatibel. Frukta er stor, ca. 28 gram, oval, med tjukk og seig hud. Fargen er fiolett, med overgang til nesten raudt på skyggesida og mange mørkeblå fargepunkt. Kjøtet losar heilt fra steinen, og det er ei bra hushaldsfrukt, men ikkje særleg god bordfrukt. Modningstid 5. september.

Italiensk Sviske

Den kultivaren som går under dette namnet, er gammal, men opphavet er uklart og det er mange synonym, derimellom Fellenberg. Treet har rund krone med hangande greinspissar. Blomstringa sein, pollenet godt, og kultivaren er sjølvkompatibel. Frukta når ikkje full storleik her i landet, og middelvekta er vel 20 gram. Fargen mørk fiolettblå. Kjøtet grøngult, fast, møyrt, saftig, syrleg, men for lite søtt til dei fleste føremål. Modningstida er ca. 5. oktober, men Italiensk Sviske når ikkje full utvikling anna i nokre fåe gode år, og avlingane er for små for handelsdyrking.

Ive

Framkomen ved Balsgård etter frø av Althans, fritt pollinert. Namn og skildring 1977.

Treet opprettveksande, bra herdig, blomstrar tidleg, sannsynlegvis sjølvinkompatibel.

Frukta stor, ca. 28 gram, langstrakt oval med tjukk hud, dekkav mørkt raudfiolett med gulbrune hudpunkt. Gult, fast kjøtt, bra kvalitet til fleire føremål. Modningstid 10. september.

Jefferson

Framkomen i Albany, N.Y. kring 1825, og det kan ha vore av frø av Washington eller Golden Drop. Prøvd på NLH fra 1870.

Treet er sterktveksande, og da det ikkje er særleg riktberande, blir krona opprett også hos eldre tre. Blomstringa er middels tidleg, pollenet er godt, men Jefferson er sjølvinkompatibel.

Frukta er stor, ca. 32 gram, oval med jevn og pen form. Fargen er gulgrøn med fiolette punkt som gjer at frukta verkar droplut.

Kjøttet gulgrønt, fast, nesten seigt, og løyser ikkje heilt fra steinen. I full utvikling er smaken god, og Jefferson er svært god til sylting. Men det er ein kravfull kultivar. Modnings- tid ca. 1. oktober.

Kirke

Framkomen i England, omtala kring 1830, namn etter han som først spreidde den.

Treet utbreidt, nesten hangande. Blomstrar middels tidleg, pollenet godt, men Kirke er heilt sjølvinkompatibel.

Frukta stor, 30-35 gram. Huda tjukk, litt seig og kan løysast fra kjøttet. Fargen fiolettblå, nesten mørkblå på solsida, men det er ofte att mørkgrønt på skyggesida. Kjøttet ljost gult, fast, og losar lett fra steinen. Ikkje så god som bordfrukt, men ypperleg råvare til sylting. Modningstid 28. september.

Late Transparent

Frøplante av Old Transparent Gage, framkomen hos Rivers og kjend fra 1888.

Treet lite, blomstringstida middels tidleg, og kultivaren er sjølvinkompatibel.

Frukta er middels stor, 21 gram, fargen grøngul, ofte med mykje korkdanning og dertil raude hudpunkt. Kjøttet fast, saftig og søtt, god bordfrukt, god råvare for sylting, men modningstida er sein, 8. oktober.

Lawrence

Frøplante av Reine Claude og tiltrekkjaren var L. V. Lawrence fra Hudson Valley i N.Y. Første skildring 1843. Til NLH 1886 fra Späth.

Treet stort, opprett, åpent. Blomstringstida er sein, og Lawrence er truleg sjølvinkompatibel.

Frukta er middels stor, 21 gram, grønn, fast, sprekk mykje, men høyrer til dei aller beste i kvalitet. Modningstid 20. september.

Laxton's Gage

Avkom etter Reine Claude x Victoria, utsend 1919, til NLH 1925. Treet middels stort, blomstrar middels tidleg og er sjølvkompatibel.

Frukta er middels stor, 21 gram, gulgrøn og høyrer til i Reine Claude-gruppa også når det gjeld kvalitet og bruk, men andre av kultivarane i gruppa har større verdi.

Lützelsachsener Frühzwetsche

Framkomen i Tyskland og kjend fra 1914. Prøvd i mange år her, og det er ei blå sylteplomme, 16 gram og med modningstid 18. august. Bra råvare til sylting, men avlingane har vore små.

Magda Jensen (P. cerasifera)

Framkomen i Danmark. Svært tidleg, raud, men kvaliteten er ikkje bra.

Magna Glauca

Framkomen ved Max Planck-instituttet i Tyskland, utsend 1939, og opphavet er Early Prolific, fritt pollinert. Til NLH 1957. Treet blir stort og opprett, for avlingane er små.

Frukta er middels stor, 25 gram, med brunraud farge som har i slett av blått, ofte med ljose hudpunkt. Modningstid 20. august. Magne Glauca er prøvd litt. Trea viste seg lite herdige, men det er kanskje grunn til meir forsøk.

Mallard

Det er Rivers som har fått fram denne, men opphavet er ikkje kjent. Spreidd fra 1886 først under namnet Sheldrake. Til NLH 1921.

Treet blir middels stort med tronge greinvinklar og uregelmessig form. Blomstringstida er middels tidleg og Mallard er fullstendig sjølvinkompatibel. Dette er kanskje grunnen til at somme stader gjev Mallard små avlingar.

Frukta er stor, 28 gram, oval med tjukk hud og raudfiolett farge med blå punkt, meir droplut enn Althans som elles kan likne. Kjøtet er laust, og kvaliteten er mykje diskutert fordi vur-

deringa er så avhengig av avlingsmengda. Dette gjeld visst alle plommekultivarar, men det har gjort seg særleg gjeldande under utprøvinga av Mallard. Modningstid 12. september.

McLaughlin

Framkomen i Maine i USA ca. 1840 og har namn etter finnaren. Til NLH 1880.

Treet er utbreidt, blomstringa tidleg og kultivaren er heilt sjølvinkompatibel.

Frukta er stor, 35 gram, rund, med vid og djup saum. Huda er tjukk, fargen gulgrøn med fiolette eller raude punkt og flekker. Kjøtet gulgrønt, fast, søtt og svært velsmakande. Modningstid 15.-20. september.

Methley (P. salicina og P. simonii)

Framkomen på New Zealand og kjend fra 1910, til Njøs 1935 fra Brynes planteskole.

Treet får ei rund, symmetrisk krone med hangande greinspissar. Blomstringa er svært tidleg, og Methley er vurdert som delvis sjølvkompatibel.

Frukta er lita, 16 gram, raudfiolett med ljose hudpunkt og dogg. Kjøtet laust, saftrikt og går som tilfredsstillande bordfrukt. Men utsjånaden er bra. Modningstid 16. august.

Mirabelle de Nancy

Treet stort, blomstrar seint, delvis sjølvkompatibel.

Frukta lita, ca. 12 gram, gul med raude punkt og flekker.

Kjøtet fast, med god smak og det løyser fra steinen. Modningstid 20. september.

Denne og andre mirabell-kultivarar var tidlegare tilrådd for hermetisk nedlegging, særleg på grunn av konsistensen i frukt-kjøtet etter oppvarminga, og på grunn av den litt spesielle smaken. Men fruktene er svært små, og det er truleg lite lønnsamt å dyrke mirabeller i Norge. Andre mirabell-kultivarar prøvd i Norge er Mirabelle Petite, Mirabelle Precoce og Mirabelle Rangheri.

I Danmark er namnet mirabell også brukt om plommer av cerasifera, f.eks. Extra Early Cherry.

Monarch

Utsend 1885 fra Rivers og er truleg frøavkom av Autumn Compote. Treet middelsstort med utbreidd, uregelmessig krone. Blomstringa er tidleg, og Monarch er sjølvkompatibel. Avlingane er moderate. Frukta er stor, 34 gram, nesten rund. Fargen blåraud, men den grønne grunnfargen skin igjennom så fargeinntrykket er litt gråleg. Kjøttet er grøngult, litt grovt og med godt balansert forhold mellom sukker og syre. God råvare til sylting. Modnings- tid 30. september.

Montford

Fransk kultivar kjend fra 1846 og kom tidleg til Norge via Tyskland. Til Knudsen på Tokheim 1874, til NLH fra Alnarp 1880. Treet middelsstort, utbreidd. Blomstrar middels tidleg, er sjølvinkompatibel og avlingane er i underkant. Frukta middels stor, 22 gram og spisst oval med blåfiolett dekkfarge, grønt fruktkjøtt, saftig og søtt og med god smak, fin til sylting. Men plommene sprekk svært lett, og det kan ikkje bli nokon viktig kultivar.

Mount Royal

Funnen som tilfeldig frøplante nær Montreal i Canada. Treet middels stort, herdig. Frukta middels stor, 25 gram, blå, sein.

Ontario

Frankomen i USA, først omtala der i 1874. Til NLH 1909. Treet får rund og vid krone. Blomstringa er sein, pollenet berre middels godt, men kultivaren er sjølvkompatibel. Frukta stor, ca. 30 gram. Huda middels tjukk, kan lett flekkjast fra fruktkjøttet. Kjøttet gult, laust, saftig, velsmakande, men losar ikkje heilt fra steinen. Mange likskapar med Oullins, men tidlegare moden. Modningstida 8.-10. september.

Opal

Frankomen ved Alnarp, frøavkom av Oullins kanskje pollinert med Early Favourite 1925, utsend 1946.

Treet lite, med rund, symmetrisk krone, blomstringa er tidleg, og kultivaren er sjølvkompatibel. Avlinga er stor.

Frukta middelsstor, 25 gram, oval, raudfiolett med svak dogg. Kjøtet fint, saftig, velsmakande, og det er ei god råvare til sylting. Modningstid 20. august.

Oullins

Funnen i Coligny i Frankrike ca. 1860, det kan ha vore ei frøplante av Reine Claude. Til NLH 1880. Mange synonym, i Norge er det vanlege namnet Reine Claude d'Oullins.

Treet blir stort og med regelmessig, rund krone og kraftig, kort fruktved. Blomstringa er sein, pollenet godt og Oullins er sjølvkompatibel. Blomstene er store og ofte tvillingar.

Frukta er stor, 33 gram, ljost gulgrøn, ofte med dogg. Kjøtet gulgrønt, laust, saftig, med god smak, men ikkje med utprega karakter. Kjøtet losar ikkje fra steinen utan i særleg varme somrar, og når trea har lita avling. Modningstid 7. september. Ein av hovudsortane i norsk plommedyrking. Det finst fleire raude mutantar, ein av dei er framkomen i Norge.

Pearl

Dette er ein av dei få domestica-kultivarane som Burbank sende ut. Denne er etter frø av Agen og spreidd fra 1898. Til NLH 1930 fra Geneva, N.Y.

Treet stort, blomstringa middels tidleg og Pearl er sjølvinkompatibel.

Frukta er middels stor, 23 gram, oval, med sterkt gul farge, fruktkjøtet søtt og kvaliteten bra. Modningstid 22. september.

Pershore

Gammal engelsk kultivar, ofte dyrka som rotekte, sameleis som Gulplomme som den har mykje til felles med.

Treet blir middels stort, uregelmessig, blomstrar middels tidleg, pollenet er godt og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 26 gram, eggforma med gul farge. Kjøtet fast, lite saftig og utan karakter. Modningstid 13. september.

Ewesham Wonder er ein raudfrukta sport av Pershore, men Purple Pershore er frøavkom.

President

Fleire plommekultivarar har dette namnet, den viktigaste er den som er spreidd fra Rivers straks etter 1900.

Treet stort, opprett, med skøyre greiner som lett brotnar. Blomstringa er middels tidleg og President er sjølvinkompatibel. Frukta er svært stor, 37 gram, oval med purpurraud farge, ljose hudpunkt og ljose dogg. Kjøtet gult, saftig og med god smak. Modningstid 8. oktober.

Prince_of_Wales

Framkomen i England 1830 som avkom av Blå Herreplomme.

Treet blir middelsstort med høgbygd krone og kort fruktved. Blomstringa er middels tidleg og kultivaren er sjølvkompatibel. Frukta er stor, 30 gram, nesten rund og fargen er raudfiolett med gjennomslag av gul grunnfarge på skyggesida. Huda har gule hudpunkt og er dogga. Kjøtet gult, mjukt, ikkje mykje spesiell i smakne. Modningstid 15. september.

Prosperity

Utsend fra Laxton 1920 og er avkom etter Grand Duke x Czar.

Treet er middels stort, blomstringstida middels tidleg og kultivaren er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 31 gram, fargen mørk fiolettblå. Kjøtet gult, saftig, kvaliteten godt brukbar bordfrukt og syltefrukt. Modningstid 6. september.

Prune_Peche

Opphav og heimstad er ukjent, men det er ein gammal kultivar omtala heilt fra 1830-åra. Mange synonym, i Norge er det laga eitt, Papp-plomme.

Treet har regelmessig, rund, åpen krone, er over middels stort. Blomstringstida er middels tidleg, pollenet er godt, men kultivaren er sjølvinkompatibel.

Frukta er stor, 31 gram, rund, med tjukk og seig hud. Frukt-fargen raudleg over det meste av overflata, men på skyggesida kjem den gulgrøne grunnfargen fram. Kjøtet gult, grovt, fast, temmeleg velsmakande, men lite høveleg til anna enn bordfrukt.

Modningstid 24. august, modninga er svært ujamn, og mange plommer fell av.

Purple_Pershore

Sannsynlegvis er dette eit frøavkom av Pershore kjend fra ca.1900. Treet liknar Pershore.

Frukta har også same form og storleik, men fargen er blå, dekk med ljøs dogg. Modningstida er kanskje nokre dagar før Pershore.

Raud_Eggeplomme

Gammal kultivar, til dels kalla Red Magnum Bonum.

Treet stort, uregelmessig, blomstrar seint og er truleg sjølvinkompatibelt.

Frukta stor, 28 gram, eggforma, raud dekkfarge, gult, fast kjøt utan særleg verdfulle eigenskapar.

Reine_Claude

Her blir namnet brukt om den såkalla Grøn Reine Claude som er ein svært gammal kultivar med mange synonym og ei interessant historie. Her i landet har Reine Claude vori dyrka i ca. 200 år, ofte som rotekte.

Treet stort, blomstrar seint, sjølvinkompatible blomster og ofte små avlingar.

Frukta lita til middelsstor, 21 gram, rund, grønn, svært god til alle føremål. Modningstid 18. september.

Reine_Claude_Diaphane

Også kalla Transparent Gage, men det er helst ein fransk kultivar, framkomen av frø av Reine Claude, ca. 1845.

Treet stort, med åpen, rund krone. Blomstringstid middels, sjølvinkompatibel.

Frukta stor, 29 gram, rund, med grøngul hud som ofte har raude hudpunkt og er ljost dogga. Kjøtet er fint, men løyser ikkje fra steinen. God kvalitet, modningstid 30. september.

Reine Claude Noire

Kjend i Norge fra 1914, men opphavet er uklart, og det kan vera tale om forveksling mellom to kultivarar.

Treet lite, hangande, blomstrar middels tidleg, blomstene sjølv-inkompatible, men avlingane er oftast høveleg store.

Frukta stor, 27 gram, fiolett til brunfiolett, kjøtet fast, vel-smakande med karakteristisk lukt. God kvalitet til mange føremål. Modningstid 10. september.

Reine Red

Mutant av Reine Claude framkomen i Idaho 1943, utsend 1951.

Har raude plommer og er kanskje litt seinare enn Reine Claude.

Rotekte lokalkultivarar

I alle europeiske land finst det rotekte plommer som kan førast under *P. domestica* eller *P. insititia*. I Danmark finst f.eks. Havreblomme, i Sverige Mälarplommon og Svenska Krikon. Ved Institutt for fruktdyrking har vi hatt 10-12 ulike som er samla inn fra norske fruktbygder. Kjende namn på slike kultivarar i Norge er Blåplomme fra Lier, Eikerplomme, Blåplomme fra Hardanger (ei rund og ei oval), Gulapomme i Sogn og Drueplomme på Sørlandet. Skjerapomme fra Nordfjord liknar Gul Eggeplomme, litt mindre frukter, litt tidlegare modne.

Ruth Gerstetter

Kanskje avkom av Czar x Bonne de Bry, og namnet er etter Adolf Gerstetter som førde kultivaren i handelen 1932. Späth har Ruth Gerstetter i katalogen for 1934/35 og Bryne i katalogen for 1936. Bryne fekk tre fra handelsgartnar K. Halle i Oslo, som har opplyst at han fekk tre av Ruth Gerstetter fra Pfister i Stuttgart i 1924.

Treet opprettveksande, for avlingane er små. Blomstringa er tidleg, pollenet middels godt, men Ruth Gerstetter er heilt sjølv-inkompatibel, og det er framleis eit viktig spørsmål å finne rett pollenkultivar.

Frukta er middels stor, 21 gram, oval til rund, ofte skeiv. Huda tjukk, seig, sur og losar ikkje fra kjøtet. Fargen blåfiolett,

med dogg som kverv ved full modning. Kjøttet ljøsgrønt, fast, losar heilt fra steinen, syrleg, lite søtt, middels kvalitet. Modningstid 12. august, men modninga er uvanleg ujamn og fruktene har lett for å falle av. Avlinga er lita.

Sanctus_Hubertus

Ny belgisk kultivar, til NLH 1978. Blå plommer, modne ca. 15. august.

Santa_Rosa (P. salicina)

Laga av Burbank 1903, mykje dyrka i California. Prøvd i norske forsøk, og frukta er tiltalende å sjå til, men treet ber lite og er svært lite herdig.

Shiro (P. salicina)

Burbank fekk fram denne kultivaren før 1889, truleg etter frø av Wickson som er hybrid mellom P. salicina og P. simonii. Treet blir lågt med flatrund krone. Små blomster som sit 3 saman, tidleg blomstring, dårleg pollen og sjølvinkompatible blomster.

Frukta svært stor, middelvekt 42 gram, men somme av plommene kan bli over 100 gram. Fargen kvitgul, ofte med dogg. Kjøttet ljost, saftrikt og søtt, men kanskje ikkje så godt. Modningstid 4. september. Ei tid var det ei viss interesse for salicina-kultivarar i Norge, og Shiro er mellom dei mest omtala på grunn av fruktstorleiken.

Splendor

Burbank har laga også denne domestica-kultivaren, og opphavet er Pond x Agen spreidd av Stark Bros fra 1894.

Treet er middels stort. Pollineringstilhøva er lite granska, men i norske forsøk har avlingane vore svært små.

Frukta stor, 32 gram, mørk purpurraud med mykje dogg, kjøttet gult og slepper steinen, og det er ei sviskeplomme med bra kvalitet, men litt utsett for sprekking.

Späths_Früheste

Frøavkom av Early Prolific, sådd 1902 hos Späth, spreidd fra 1914, til NLH 1930.

Treet blir stort med vid, hangande krone. Sein blomstring, godt pollen, sjølvinkompatibel.

Frukta middels stor, 20 gram, raudfiolett til blå, med mykje dogg. Kjøttet gult, saftig og løyser nesten fra steinen. Modningstid 20 august. Avlingane er mindre enn hos Early Prolific.

Stanley

Framkomen ved Geneva, N.Y. etter kryssing Agen x Grand Duke 1913.

Treet stort, blomstrar middels tidleg til seint og er sjølvkompatibelt.

Frukta stor, mørkblå med ljósbrune hudpunkt og tydeleg dogg. Kjøttet grøngult, fast, godt. Modningstida er 1. oktober. Plommene er mykje utsett for spreking.

Sultan

Framkomen hos Rivers etter frø av Belle de Septembre, spreidd 1871, til NLH 1880 fra Alnarp.

Treet blir stort med høg, sprikjande krone, sjølvinkompatibel.

Frukta stor, 37 gram, nesten rund, mørkraud til fiolettblå med dogg. Fruktkjøttet fast og losar nesten fra steinen. Modningstid 14. september.

Supreme

Framkomen hos Laxton etter kryssing av Denniston's Superb x Victoria.

Treet middels stort, blomstringa tidleg og blomstene er sjølvkompatible.

Frukta er stor, 27 gram, gulgrøn med fiolette hudpunkt som i alt gjev ein brungyllen farge sett på avstand. Kjøttet laust, losar ikkje fra steinen, smaken bra, men andre kultivarar er betre. Avlinga stor nok.

Swan

Framkomen hos Rivers kring 1900.

Treet middels stort.

Frukta stor, 29 gram, modningstid 7. september. Rund, raudblå med laust kjøt som slepper steinen. Ikkje god nok som bordfrukt i brukstida si.

Thames_Cross

Framkomen ved Long Ashton etter kryssing Golden Drop x Giant, utsend 1948, til NLH 1950.

Treet lite, blomstrar middels tidleg, sjølvkompatible blomster.

Frukta stor, 35 gram, bleikgul grunnfarge utan raudt, brukbar til sylting, men kvaliteten er svak. Modningstid 5. oktober.

Tragedy

Framkomen i California som tilfeldig frøplante i 1870-åra, spreidd fra 1887, til NLH 1928, men nemnd i ein norsk katalog 191

Treet stort, rund og hangande krone, for avlingane er store og kjem i ung alder. Blomstringstida er tidleg og pollenet godt. Tragedy er sjølvinkompatibel, men fruktsetnaden er likevel rik saman med vanlege kultivarar.

Frukta lita, 18 gram, raud til raudblå med mykje dogg. Kjøtet laust, losar bra fra steinen, og det er ei brukbar råvare til sylting, men kvaliteten er altså i underkant. Modningstid 26. august.

Tråneplomme

Er rekna for ein norsk lokalkultivar, for etter tradisjonen har skipskaptein Marcus Kielland på Indre Flekkerøy hatt med seg plommestein fra Ilka d. St. Catharina på Lagunekysten. Det var i 1760-åra. Han gav frøa til tenestjenta Allov Tråne som sådde dei og stelte plantene. Mykje spreidd som rotekte, særleg på Sørlandet.

Treet blir stort og høgvakse, og truleg med sjølvkompatible blomster.

Frukta er stor, 25 gram, med brunraud dekkfarge. Kjøtet er

fast, litt tunt, men det er ei vanleg og velomtykt råvare for sylting der Tråneplomma ennå er dyrka. Modningstid 20. september.

Tysk_Sviske

Svært gammal kultivar med ukjent opphav.

Treet middelsstort med rund, tett krone. Blomstrar middels tidleg, sjølvvinkompatibel.

Frukta lita, 13 gram, blåfiolett med mange hudpunkt, brukbar til sylting, modningstid 30. september.

Ungarsk_Sviske

Gammal kultivar med mange synonym og med usikker historikk.

Store tre, middelsstore sviskeplommer, brunraude med fast, aromatisk kjøt som nesten løyser fra steinen. Modningstid 10. oktober. For kravfull for norsk klima.

Utility

Framkomen hos Laxton etter kryssing Jefferson x Peach, utsend 1915, til Njøs 1928.

Treet lite, blomstrar middelstidleg, delvis sjølvkompatible blomster.

Frukta stor, 40 gram, fargen mykje lik Victoria, men modningstida er litt tidlegare.

Victoria

Framkomen i England og skildra 1846. Opphavet uvisst, det er og fleire eldre synonym, men det er nok dronning Victoria som er oppkalla. Til NLH ca. 1870.

Treet skyt lange skot som bøyer seg, og kroneforma blir hangande før berealder. Seinare blir avlingane tunge, krona blir lita, og greinene flaknar ofte så forma kan bli uregelmessig. Blomstringa er middels tidleg, pollenet godt og Victoria er sjølvkompatibel.

Frukta er stor, 28 gram, ovalt eggforma, ofte med tydeleg saum. Huda middels tjukk og kan løysast fra kjøtet. Eigentleg er grunnfargen gul, men det meste er dekket av ein lett fioletttraud dekkfarge. Kjøtet bleikgult, litt grovt, men saftig, og Vic-

toria er populær til sylting. Men syltetøyet er ofte tunt og stundom med gråleg fargetone. Modningstid 15. september.

Wangenheim

Tysk kultivar fra ca. 1837, til Danmark ca. 1840, til Norge ca. 1860.

Treet middels stort, blomstrar tidleg, godt pollen, sjølvkompatibelt og med svært store avlingar.

Frukta lita, mørkblå med grøngult kjøt, temmeleg bra råvare til sylting. Modningstid 20. september.

Washington

Framkomen i USA og er ein av dei eldste plommekultivarar i dyrking. Truleg er opphavet frø av Reine Claude ein gong mellom 1790 og 1814. Ved NLH fra 1870. Namn etter presidenten G.W. Treet blir stort med vid, usymmetrisk krone. Blomstringa er middels tidleg til sein, pollenet er godt, men kultivaren er sjølvinkompatibel.

Frukta er svært stor, ca. 40 gram, rund til kort oval, saumen er vid og tydeleg. Huda middels tjukk og kan løysast nokolunde lett fra kjøtet. Fargen er grøngul til gul, solsida ofte med eit brunraudt skjær. Kjøtet gulgrønt, litt grovt, fast og kan ofte løysast fra steinen. Kvaliteten er bra, men ikkje framifrå, og det er ei kravfull plomme som modnar ujamnt. Middel haustedato 25. september.

Wilhelmine Späth

Opphavet er Early Prolific x Anna Späth, kryssa 1899, mortreet bar frukt 1899. Kultivaren utsend 1909 fra Späth ved Berlin. Treet høgt, opprett, blomstringstida tidleg, pollenet godt, men kultivaren sjølvinkompatibel.

Frukta middels stor, 23 gram, fargen mørkblå med kraftig dogg. Kjøtet fast, ikkje søtt, gjev brukbar råvare til sylting, men ikkje meir. Modningstid 5. september.

Zimmers Frühlwetsche

Tysk kultivar spreidd fra ca. 1900, til NLH fra Späth 1928.

Treet lite, blomstrar tidleg.

Frukta lita, 17 gram, blå, modningstid 10. september. Må konkurrere med mange andre kultivarar i same sesong.

Yakima

Tilfeldig frøplante funnen 1902 i staten Washington, spreidd fra 1925, til NLH 1950.

Treet får ei høg, samantrengd krone der særleg dei eldste greinvinklane er tronge. Blomstringstida er tidleg, frøingstilhøva er lite granska.

Frukta er svært stor, 38 gram, farga raud til blåraud med dogg. Kjøttet saftig og fast og losar fra steinen. Berre i varme somrar blir smaken god. Modningstida er 20. september.

